

# Øystre Slidre kommune

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
ROGAST - 17/3028

Arkiv:  
033, &17

Vår dato:  
04.05.2017

## Protokoll frå møte i eldrerådet den 28.03.17 kl 10.00-12.00

Til stades: Torleiv Sigurd Hovi, Gunnar Berg, Morten Steinsrud, Solveig Rydland,  
Marit Synnøve Opheim Østli

Andre: Astrid Rogne (sekretær), Sak 8/17: Kari Onstad, Hans Kristian,  
Øivind Langseth, Gina Myreng,

### Sak 5/17 Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Vedtak:

Innkalling og saksliste vart einstemmig godkjent med eit tillegg under orienteringar: Eldrerådskonferanse 4. og 5. mai.

### Sak 6/17 Godkjenning og underskrift av protokoll frå 07.02.17

#### Vedtak:

Protokollen vart einstemmig godkjent. Gunnar og Torleiv Sigurd vart valde til å underskrive protokollen.

### Sak 7/17 Årsmelding for 2016

#### Vedtak:

Årsmeldinga vart vedteken slik den låg føre.

### Sak 7/17 Orienteringar

- **Hans Kristian Syversen og Øivind Langseth: Omsorgstunet**
  - Det er teoretisk mulig med byggestart april 2018.
  - Forprosjekt omsorgstun er lagt ved protokollen.

#### Vedtak:

Eldrerådet vedtek å sende fylgjande uttale til kommunestyret:  
*«Eldrerådet ber kommunestyret vedta ei samla plan for utbygging av heile prosjektet omsorgstun på Sørre Moen med byggestart i 2018. Prosjektet sla stå ferdig i løpet av 2020»*

- **Kari Onstad: Den kulturelle spaserstokken**
  - Den kulturelle spaserstokken er eit samarbeid mellom kultur og omsorg
  - Får statlige midlar ca 25.000,- kvart år som skal gå til utøvarar.
  - Underhaldning på eldredagen går av desse midlane.
  - Det blir dialog i mai om den kulturelle spaserstokken. Gunnar blir innkalla.

**Vedtak:**

Orienteringa vart teken til etterretning

- **Gina Myreng: Status på sjukeheimen**
  - Gina orienterte om IHT – situasjonen i dag og framover.
    - Må kjøpe plassar i andre kommunar no pga overbelegg. Kjøpte 5 døgn i 2016 – til no i 2017 har kommunen kjøpt 65 døgn.
    - Moavegen 25 er bemanna delvis frå mars 2016.
    - Alle som treng hjelp får det – det er fyrst ei kartlegging og deretter ei fagleg vurdering i ein kvar situasjon over kva som trengst.
    - Det blir satsa på kvardagsrehabilitering
    - Forholdet mellom antal fagutdanna og ufaglærte er «godt nok».

**Vedtak:**

Orienteringa vart teken til etterretning

- **Solveig Rydland: info på heimesida**  
Solveig orienterte om korleis ho meinte at heimesida til kommunen kunne forbedrast.

**Vedtak:**

Orienteringa vart teken til etterretning og det blir lagt fram ei eige sak til møtet i mai.

- **Eldrerådskonferanse 4. og 5. mai.**

Påmelding til Astrid

**Vedtak:**

Orienteringa vart teken til etterretning.

Dato:.....

-----